



Anders O. Grevstad AS
Conrad Mohrs veg 15
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1672 - 17/13797

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
30.06.2017

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad og tilknytning til kommunalt vassverk GBNR 52/57

Administrativt vedtak. Saknr: 188/2017

Tiltakshavar: Anne Marie Eknes og Gunnar Jetmundsen
Ansvarleg søkjar: Anders O. Grevstad AS
Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf forureiningsforskrifta § 12-5
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20- 1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 21.06.2017, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på Kårbø, gbnr 52/57. Utsleppet det her er søkt om er eit Jetz anlegg med slamfilter/infiltrasjonstank for gråvatn og komposteringstank for svartvatn. Det skal etablerast 2 separate infiltrasjonsgrøfter på eigen eigedom. Anlegget krev ikkje tømning med slamsugebil.

Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk.

Nabovarsel:

Utsleppet vart nabovarsla i tida 18.06.2017-20.06.2017 i samsvar med pbl §21-3. Naboar har samtykka i tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Vurering:

Utsleppet det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og der det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar og opne vassdrag.

Svartvatnet må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøfta. Gråvatnet må ha filterløysing eller gråvasstank før infiltrasjonsgrøfta.

Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Urinseparerande toalett vert ikkje tillete.

Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter kommunen si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Vidare skal eigedomen koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning. Leidningen vart godkjent etablert 07.11.2016 i sak DNT.368/2016. Det skal nyttast Elvestadrør frå denne leidningen og inn til fritidsbustaden. Kommunen ber om at leidningen vert gravd ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den vert minst mulig synleg i terrenget.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomen gbnr 52/57 rett til å kopla seg til den private felles vassleidningen.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/57 i samsvar med søknad, motteke journalført 21.06.2017 og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet må ha filterløysing/infiltrasjonstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Svartvatn må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatnet ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Foureiningforskrifta.

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av utslepp for eigedomen gbnr 52/57, i samsvar med søknad journalført motteke 21.06.2017.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført motteke 21.06.2017, jf plan- og bygningslova § 29-4.

----- 00000 -----

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/57 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 21.06.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» - Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.

- Dersom De ynskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gegyr skal betalast i samsvar med gjeldande regulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova.»

Faktura for tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet bort. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Skisse
Kart

Kopi til:

Gunnar Jetmundsen Finnbergåsen 51 5063 BERGEN

Mottakere:

Anders O. Grevstad AS Conrad Mohrs veg 5072 BERGEN
15